

Evaluering av samarbeidsstrukturen i helsefelleskapet

Namn på utval:	Lokalt Samarbeidsutval Molde Sjukehus (LSU Molde)
1. Kva er mandatet til utvalet?	<p>1. Kartlegge, initiere, følge opp og implementere forbetringar på operativt nivå med mål om gode samhandlingsløysningar og standardiserte pasientforløp.</p> <p>2. Prioritering skal blant annet bygge på registrerte samhandlingsavvik og input frå årlege samarbeidsmøte mellom sjukehuset og kommunane.</p> <p>3. Forankre og bidra i implementering av vedtekne handlingsplanar og retningsliner frå blant annet <i>Faglege samarbeidsutval</i>.</p> <p>4. Skal i samarbeid med Lærings- og mestringscenteret, pasientorganisasjonar og frisklivssentralar evt. andre relevante i kommunar og sjukehus, bidra til utvikling og bruk av lærings- og mestrings tiltak for å forebygge og utsette behovet for helsetenester.</p>
2. Kor ofte har utvalet møttest?	I 2022 har det vært arrangert 6 møter i LSU Molde i tillegg til to fellesmøte med LSU Kristiansund. Utover dette har det vore møter der utkast til handlingsplanar for Faglege Samarbeidsutval har blitt lagt fram.
3. Korleis har arbeidet med oppgåver i forholdet til mandatet fungert i utvalet?	<p>LSU Molde tok initiativet til å forenkle og spisse mandatet til lokale samarbeidsutval i forbindelse med førre revisjon av Samarbeidsavtalen.</p> <p>I ettertid har LSU Molde og Romsdal IPR arbeid vidare med klargjering av mandata for alle samarbeidsorgana i Helsefellesskap M&R. Dette arbeidet vart godkjend på Partarskapsmøte den 11. mai 2022.</p> <p>Som tidlegare har LSU Molde hatt stor fokus på dei tre første punkta i mandatet. Det siste året, etter revisjonen av Samarbeidsavtalen, har ein i tillegg inkludert HMR sitt Lærings- og mestringscenteret i Molde i arbeidet.</p> <p>LSU Molde sin vurdering er at ein det siste året har etterlevd mandatet og arbeid med alle dei fire punkta.</p>
4. Innspel til eventuell endring i mandatet	Ingen ytterlegare innspel til endringar til mandatet.
5. I kva grad opplev de resultat gjennom arbeidet i utvala?	<p>a) Kva er dei 2-3 viktigaste resultatene de har erfart frå arbeidet gjennom utvalet?</p> <p>LSU Molde har fokusert på forbetringar – først og fremst gjennom 5 konkrete forbetningsprosjekt:</p> <ul style="list-style-type: none"> i. Fra floskel til handling – rett pasient på rett plass ii. Tidleg mobilisering av pasientar ved innlegging i sjukehus iii. Pasientforløp for Parkinson Sjukdom iv. Kompetanseutvikling og rekruttering v. Utskrivingsklare pasientar

Evaluering av samarbeidsstrukturen i helsefelleskapet

	<p>I tillegg har LSU Molde, etter initiativ frå Hustadvika kommune og Romsdal IPR, løfta inn arbeidet med å kartlegge det store meirforbruket i kommunal pleie- og omsorgstenesta i M&R inn for ulike nivå i Helsefelleskap M&R.</p> <p>Under evalueringa konkluderte LSU Molde at ein er godt nøyd med korleis samarbeidet har utvikla seg, og kva ein har oppnådd konkrete resultat dei siste par åra.</p> <p>Under evaluering blei det uttalt at «vi er stolt av det arbeidet og dei resultatene i fellesskap har oppnådd!».</p> <p>b) Kva er dei 2-3 største utfordringane mot å lukkast frå høvesvis kommunal side og frå HMR si side? Ein viktig suksessfaktor for LSU Molde har vore representasjon frå avdelingssjefnivået frå sjukehuset og at kommunalsjefane innan pleie og omsorg i <u>alle</u> kommunane i Romsdal har vore medlemmer av det lokale samarbeidsutvalet. På same måte har det vore viktig at både praksiskonsulentane, brukarorganisasjonane og Lærings- og mestringssenteret er representert i møta.</p> <p>Utfordringane har først og fremst vore knytt opp mot det store totale ressursforbruket i Helsefelleskapet M&R.</p> <p>LSU Molde har forståing for at det er mange felles utfordringar som krev prioritering på høgare nivå i Helsefelleskap M&R. Samtidig har vi avgrensa ressursar både med omsyn til økonomi og personell. Dette krev at vi må gjere prioriteringar. Så langt har LSU Molde erfart at det har vore enklast å oppnå både eigarskap til problemstillingane og konkrete forbetringar på lokalt nivå.</p>
6. Pasientverdi/forbetring	<p>Korleis har utvalet medverka til at pasientane har fått meir samanhengande og berekraftige helse- og omsorgstenester både frå HMR og frå den kommunale helse- og omsorgstenesta?</p> <p>Dette er oppnådd gjennom at deltakarane i LSU Molde saman har kartlagt og prioritert konkrete forbetningsprosjekt i grensesnittet mellom kommune- og spesialisthelsetenesta.</p>
7. Kva er dei største utfordringane for utvikling av gode og samanhengande helsetenester for dei 4	<p>A. Personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem</p> <p>B. Skrøpelege eldre</p> <p>C. Barn og unge</p>

Evaluering av samarbeidsstrukturen i helsefelleskapet

prioriterte gruppene i Møre og Romsdal?	<p>D. Personar med fleire kroniske lidingar</p> <p>LSU Molde har, etter eigen vurdering, lykkast med å sette fokus på alle dei fire prioriterte pasientgruppene.</p> <p>For B) og D) har LSU Molde sett i gang fleire konkrete forbetningsprosjekt medan ein for A) og C) har blitt orientert om ulike initiativ og prioriteringar.</p> <p>Dei største utfordringane er knytt opp mot avgrensa ressursar kombinert med ein hektisk operativ kvardag.</p> <p>Når ressurspersonane i LSU i Molde i tillegg vert involvert i andre fora i Helsefellesskap M&R blir det krevjande å prioritere.</p>
8. Korleis kan vi rigge oss for å levere godt på utvikling av gode og samanhengande helse- og omsorgstenester for dei 4 prioriterte pasientgruppene?	<p>Mogelegheiter/forslag:</p> <p>Eit forslag kan være at ein i større grad sikrar at dei tolv faglege samarbeidsutvala tek omsyn til desse pasientgruppene i sine prioriteringar.</p>
9. For faglige samarbeidsutval:	<p>Kven av dei andre faglege utvala kan det vere naturleg å samarbeide med?</p>
10. Andre innspel:	